



Piratpartiet v/Øyvind A.Holm

Dato: 12.05.2017  
Vår ref.: 2016/31305-24  
Saksbehandlar: anifjel  
Dykkar ref.:

## Stortingsval 2017 - tinging av røystesetlar, Piratpartiet

Stortingsvalet skal haldast 11. september. Vallova fastset at fylkesvalstyret skal syta for å trykkja røystesetlar til valet. Etter Forskrift om valg (valgforskriften) § 21 kan den tillitsvalde for den enkelte vallista "for egen regning kreve å få det antall stemmesedler vedkommende ønsker. Krav om dette må fremsettes innen den frist valgmyndighetene setter."

Røystesetlar til partia er ei utgift som fylkeskommunen fram til valet i 2005 frivillig har dekkja utan at det ligg føre noko plikt i regelverket. Ordninga blir vurdert ved det enkelte valet. Fylkesutvalet har i møte 04.05.2017 sak PS 106/17 vurdert dette for stortingsvalet 2017 og fatta slikt vedtak : "Hordaland fylkeskommune stiller inntil 75.000 røystesetlar kostnadsfritt til disposisjon for kvart parti/listestillar som stiller liste ved stortingsvalet 2017."

Vedtaket inneber at listestillarane sjølve må bera utgiftene dersom dei vil ha større kvantum røystesetlar til eige bruk ut over det Hordaland fylkeskommune dekker kostnadene for.

Det har vore store variasjonar mellom partia i kor mykje som er blitt bestilt i forhold til røystetalet. Ein vil be listestillarane nøye å vurdere kvantumsbehovet før bestilling blir sendt

For å få oversyn over talet på røystesetlar som skal trykkjast, ber vi om oppgåve frå listestillarane. Vi ber om at vedlagde skjema vert nytta.

### Frist for bestilling er 19. mai 2017.

Bestilling kan sendast til:  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesvalstyret  
Postboks 7900  
5020 Bergen.  
eller pr. e-post til [anita.fjellheim@hfk.no](mailto:anita.fjellheim@hfk.no).

Anita Fjellheim  
Spesialkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Piratpartiet

